

NKP i fridomskrigen

Når Per Lothar Lindtner i sentralstyret for NKP må bruke 17. mai-diktet til Nordahl Grieg som vitnemål om at norske kommunistar vakna til dyst før deira åndelege fedreland kom med i krigen (Aftenposten 12.4.), stadfestar han berre at han har lite å fare med. Nordahl Grieg dikt og levde som nordmann, ikkje som kommunist 17. mai 1940. Men «Arbeideren» støtta fienden.

Det er ikkje utan grunn når oppslagsverk og historikarar har merka seg kor seit NKP kom med i vår nasjonale motstandsrørslle. Styret i NKP var kvikkare til handling då Otto W. Kuusinen skipa sitt sviktarstyre i Terijoki hausten 1939 for å helse russiske åtaksmenn yelkomme.

Tanken om ei Kirkenes-regjering var ikkje framand. Det giek ord om at «statsrådane» var komne på hurtigruta... Ikkje rart at folk la merke til det då mange kommunistiske akademikarar søkte seg nordetter då den kalde krigen hardna til. Serleg friviljukt var det no ikkje då eit fleirtal i noko stortingsgrupper hausten 1940 kunne gå med på å suspendere kongen. Både biskop Berggrav og industriforbundet pressa på presidentskapet for å hindre brot i tingingane med Terboven.

Men det norske folket høyrdet på røysta fra London. Røysta fra Moskva kom ikkje før seinare. Difor svikta kommunistleiainga – og vart avlyst av Furubotn. Hadde NKP i 1940 hatt vaken leiring, ville mange unngått arrestasjonen hausten 1940.

PER HÅLAND, Oslo

H.P. 20/4. 69.7

Moral og militær

115171

A.H. 83/4. 1997

Motstandskampen**Historieløst i «Jeopardy»?**

Av professor Terje Halvorsen,
Høgskolen i Lillehammer

I Kort sagt-spalten 4.4. tilbakeviser en dommer i TV2s program «Jeopardy» en beskyldning om historieløshet. Saken gjaldt et spørsmål i programmet 23.3.: «Hvilket parti kom først i 1942 med i den aktive motstandskampen i Norge?» Riktig svar var: Norges Kommunistiske Parti (NKP).

Dette har en innseender tidligere polemisert mot og hevdet at NKP ble motstandsaktivt langt tidligere. Dommeren viser imidlertid til flere oppslagsverk samt et bind i «Norge i krig» og konkluderer med at svaret er rett og beskyldningen tilbakevist.

Men svarer røper nok en gang en betydelig grad av historieløshet allikevel. For det programmakerne åpenbart ikke har vært klar over, er at begrepet «aktiv» i denne sammenheng er flertydig.

NKP vedtok ved årsskiftet 1941–42 en motstandsplattform med det partiet kalte «aktiv motstand». I denne betydningen innebar det militant kamp mot okkupanten i form av løpende sabotasje og gerilja mot tyskerne, dvs. kampformer som ikke ble brukt eller akseptert i den øvrige norske motstand på dette tidspunkt. Dette er selvsagt noe annet enn å spørre om når NKP ble «aktiv» i motstandskampen i en mer generell forstand, f.eks. i den politiske motstand mot NS, som jo lenge var den dominerende motstandsform i Norge.

Både spørsmålet i programmet og svarer til dommeren viser at programmakerne ikke har forstått denne grunnleggende distinksjonen. Utvilsomt kom NKP «aktivt» med i motstand før våren 1942, og for den saks skyld før det tyske angrepet 22. juni 1941. Den mer presise datering avhenger av hva slags motstand en tenker på og hva slags kriterium en velger. Jeg viser til min bok fra i fjor, «Mellom Moskva og Berlin», der spørsmålet drøftes nærmere.

En annen sak er at spørsmålsformuleringen gir inntrykk av at også de øvrige partier var med i motstandskampen som partie. Med et visst unntak for Arbeiderpartiet var det som kjent ikke tilfellet.

Per Håland og mytane om NKP

Lørdag 12. april 1997

Den 3.3. hevdar Per Håland mellom anna: «Det var først 21. juni 1941, då tyskarane marsjerte inn Sovjet samveldet, at både Stalin og dei norske kommunistane va-kna...»

I TV2s «Jeopardy»-spørreleik, 23.3., dukka same myte opp att. Her heitte det i fasitsvaret at «kommunistane først blei aktive på vårparten 42».

Kva er sanninga? Trur Per Håland og TV2 at dei med dette viser rettferd overfor dei kommunistane som allereide hausten 1940 blei arresterte av fascistane på norsk jord? Kva med dei som aldri kom attende frå fascistane sine fengsel, av di dei vart tekne lenger før angrepet på Sovjetsamveldet?

Rett nok: Håland vedgår at NKP vart forbode 16. august 1940, det vil seie i god tid før fleirtalet i det gjenverande storting gjekk friviljug inn for å avsetje konge og regjering under dei skammelege riksrådsforhandlingane hausten 1940. Han kunne òg ha nemnt kommunisten Nordahl Grieg sitt dikt «17. mai 1940», opplese på Tromsø-radioen same dagen.

Det er rett at det var mykje forvirring i det norske folket i den første tida etter 9. april. Dette gjaldt òg i NKP-leiinga. Men Lars Borgersrud si doktoravhandling av 1994 dokumenterer at NKP-sympatisørar i dei såkalla Wollweber-gruppene, med m.a. Asbjørn Sunde i spissen, alt 9. april bidrog til sterke mobilisering mot invasjonshæren.

Sært mange nordmenn meldte seg som friviljuge og drog ut i kampen alt frå første dagen. At fleire av desse var NKPparar som t.d. dei to einaste friviljuge frå klubben på Bergens Tidende, Erling Skarsbø og Olav Aase, tyder vel ikkje på at NKP direkte fraråda medlemme sine å ta til våpen mot tyskarane.

PER LOTHAR LINDTNER,
Sentralstyret i NKP